

Kunnskapsdepartementet

Høyringsnotat – forskrift om tilbakebetaling av utdanningslån

oktober 2022

Innhald

1	Innleiing	3
2	Ein styrka ordning for sletting av utdanningslån for låntakarar i tiltakssona	3
3	Frist for å søke om sletting av gjeld for låntakarar som har motteke lån og stipend i kvoteordninga	6
4	Regeltekniske endringar	6
4.1	Ei fleirårig forskrift med vilkår som skal gjelde til dei blir oppheva	6
4.2	Retting av tilvising om unntak for låntakarar som har blitt forseinka	7
5	Økonomiske og administrative konsekvensar.....	7
6	Forslag til forskriftsendringar	7

1 Innleiing

I dette høyringsnotatet foreslår Kunnskapsdepartementet ei ny forskrift om tilbakebetaling av utdanningslån. Forskrifta har hittil vert fastsett årleg, men departementet foreslår med dette høyringsnotatet ei forskrift som gjeld inntil han vert oppheva. Dette inneber at forslaget til ny forskrift inneheld dei same vilkåra som i forskrift om tilbakebetaling av utdanningslån 2022, men med ein endra struktur tilsvarende forskrift om utdanningsstøtte som også er ein fleirårig forskrift.

I tillegg til dei strukturelle endringane, foreslår departementet følgande realitetsendringar:

- å styrke ordninga for sletting av gjeld for låntakarar i Finnmark og dei sju utvalde kommunane i Nord-Troms (tiltakssona) blant anna ved å auke delen gjeld som blir sletta frå 10 til 20 prosent og å auke det maksimale beløpet ein kan få sletta frå 25 000 kroner til 30 000 kroner
- å sette frist til 31. desember 2025 for å søke om sletting av gjeld for låntakarar frå utviklingsland, landa på Vest-Balkan, land i Aust-Europa og Sentral-Asia som har fått lån og stipend etter kvoteordninga

Til slutt foreslår departementet også nokon regeltekniske endringar som omtalast i kapittel 4.

2 Ein styrka ordning for sletting av utdanningslån for låntakarar i tiltakssona

Gjeldande rett

Etter kapittel 9 i forskrift om tilbakebetaling 2022 er det fleire ordningars for sletting av studiegjeld for låntakarar i tidlegare Finnmark-fylke og utvalde kommunar i andre fylke. Låntakarar som er busette og yrkesaktive i tidlegare Finnmark-fylke eller sju kommunar i tidlegare Nord-Troms, får sletta inntil 10 prosent per år av utdanningsgjelda med ei øvre grense på 25 000 kroner per år. Det går fram av § 9-1 første ledd at i tillegg til kommunane i tidlegare Finnmark-fylke, gjeld følgande kommunane i tidlegare Nord-Troms: Lyngen, Storfjord, Kåfjord, Skjervøy, Nordreisa, Kvænangen og Karlsøy. I andre føresegner blir området omtala som «Finnmark og dei utvalde kommunane». Etter § 9-1 andre og tredje ledd har også yrkesaktive legar i utvalde kommunar rett til sletting av studiegjeld etter same ordning som for busette og yrkesaktive i tidlegare Finnmark-fylke og dei sju kommunane i tidlegare Nord-Troms.

Yrkesaktivitet etter kapittel 9 har tradisjonelt tydd at låntakaren arbeidsgivar også held til i tiltakssona, og at låntakaren utøver sitt arbeid hos arbeidsgivaren. I særlege tilfelle kan ordninga omfatte låntakarar som i ei kort tid har hatt arbeid ein annan stad enn i tiltakssona. Krav om yrkesaktivitet er vidare definert i § 9-3. I § 9-3 bokstav d og e er det gjort unntak frå kravet om yrkesaktivitet i tiltakssona for dei som har studiepermisjon med løn frå ein arbeidsgivar i tiltakssona, eller som arbeider i transportsektoren, på skip m.m. Lånekassen har ein praksis der låntakarar som arbeider på heimekontor i tiltakssona, men der arbeidsgivarens verksemder ligg utanfor tiltakssona, også kan få sletta gjeld.

Etter § 9-7 får kvalifiserte lærarar i grunnskulen i tiltakssona rett til å få sletta ytterlegare 20 000 kroner av studiegjelda per år. Ein skal ha arbeidd i undervisningsstilling i grunnskulen minst tolv samanhengande månader (oppteningstid) før ein kan søkje sletting. Deretter kan ein søkje om same sum kvart år så lenge ein har arbeidet som lærar i grunnskulen i tiltakssonan dei siste 12 månadane.

Departementet sine vurderingar og forslag

Tiltakssona for Finnmark og Nord-Troms vart oppretta våren 1990, jf. St. prp. nr. 64 (1989–1990) *Tiltakssone i Finnmark og Nord-Troms*. Sidan den blei innført, har det vore få endringar i ordningane. I 2005 auka maksimumsbeløpet for sletting frå 16 500 kroner i året til 25 000 kroner i året. Beløpet har sidan ikkje blitt justert, noko som inneber at den reelle verdien av slettinga ein kan få årleg, har blitt redusert. Ordningane i tiltakssona blei evaluert sist i 2012, og evalueringa viste at gjeldssletting har ein effekt både på å rekruttere arbeidskraft med høy utdanning til regionen, men kan også ha ein stabiliseringseffekt, slik at man også kan behalde dei som bur i regionen og som har høy utdanning. Det blei påpekt at styrken i ordninga blei svekka fordi beløpa som ein kan få sletta, sjeldan blir revidert (Norut 2012: 2). Fordi fleire tar lengre utdanningsar og har meir gjeld enn før, kan ordninga få mindre betydning for den einskilde. Det blei derfor anbefalt å styrke ordninga, særleg for å kunne rekruttere dei som har lengre utdanningsar og ingen geografisk tilknyting til regionen.

Regjeringa er svært oppteken av den strategiske betydninga som Nordområda har, og har som mål å få befolkningsvekst i nord. Situasjonen i tiltakssona og særleg Aust-Finnmark er prekær, og derfor vil regjeringa satse på tiltak som kan stimulere til å få fleire til å ville flytte til eller bli verande i området. Som ein del av denne satsinga er det i Prop. 1 S (2022–2023) for Kunnskapsdepartementet foreslått å auka den delen studiegjeld som ein kan få sletta årleg frå 10 til 20 prosent. Ein slik auking vil gjere at også dei som har mindre studiegjeld, vil ha rett til å få sletta meir gjeld raskare.

Regjeringa følger også opp anbefalinga i den førre evalueringa og foreslår i Prop. 1 S (2022–2023) å auke beløpet som ein maksimalt kan få sletta frå 25 000 kroner til 30 000 kroner årleg. Av dei ca. 5 900 kundane som nyttar ordninga, får over halvparten av desse den maksimale slettinga på 25 000 kroner, noko som inneber at dei har meir enn 250 000 kroner i gjeld. I 2021 var snittgjelda etter avslutta høgare utdanning i Noreg 377 871 kroner, mens i 2011 var det 245 581 kroner. Heilt sidan 2013 har snittgjelda ved avslutta høgare utdanning vore over 250 000 kroner. Når snittgjelda veks langt ut over det maksimale beløpet ein kan få sletta i gjeld, vil ordninga etterkvart ha mindre å seie for den einskilde låntakar. Dette vil kunne vere med på å dempe effekten ei slik ordning har på å rekruttere og behalde arbeidskraft med høy utdanning, og er bakgrunnen for forslaget om ei auke i beløpet.

Heimekontor og tilsvarende løysingar

Særleg under covid-19-pandemien har nye arbeidsmåtar vert nytta, noko som utfordrar den allmenne forståinga av yrkesaktivitet og kor arbeidsplassen ligg. Mange med kontorarbeid har arbeida heimanfrå i delar av eller under heile pandemien, og i tida framover vil varig bruk av heimekontor truleg vere vanlegare, også lenge etter pandemien. Det er blitt meir vanleg at arbeidsgivarar tilbyr kontortilsette å kombinere arbeid heimanfrå saman med arbeid på arbeidsgivarens stad, eit satelittkontor eller ein annan løysing. Nokon arbeidsgivarar tilset personar som berre jobbar heimanfrå eller frå eit satelittkontor. Det kan òg vere at arbeidsplassen ikkje lenger blir organisert som ein fysisk felles arbeidsstad kor dei tilsette kan eller må møte opp.

Dersom slike omstende skulle hindre sletting av gjeld etter føresegnene i kapittel 9, vil dette kunne motverke ønsket om busetjing og yrkesaktivitet, samt ha påverknad på skatteinntekter til området som er omfatta av reglane. Departementet meiner det skal gå fram av forskrifta at også dei som arbeider på heimekontor i tiltakssona, oppfyller vilkåret om yrkesaktivitet i tiltakssona, slik at ordninga er i tråd med denne samfunnsutviklinga. Det blir stadig fleire måtar å organisere arbeidsmiljø på, og derfor foreslår departementet at denne regelen òg gjeld tilsvarande løysingar,

som for eksempel satelittkontor eller liknande i tiltakssona. Uavhengig av kor arbeidsplassen ligg, gjeld kravet om at låntakaren skal vere busett i tiltakssona dei siste tolv månadane, og derfor vil desse låntakarane framleis betale skatt til den kommunen i tiltakssona som dei bur i.

Det blir ikkje sett noko minstekrav til kor mykje ein låntakar skal arbeide på heimekontoret. Sidan låntakaren kan få sletta gjeld først etter ei oppteningsperiode på 12 månadar, vil endringa gjelde dei som har avtale med arbeidsgivar om ei ordning med heimekontor i oppteningsperioden, og ikkje dei som jobbar på heimekontor eller liknande ein sjeldan gong eller meir tilfeldig.

Omgrepet «tiltakssona»

Som eit ledd i å oppdatere dette regelverket, foreslår departementet å endre omtalen av området i forskrifta til «tiltakssona», og at ordninga for sletting av gjeld for legar i utvalde kommunar får ei eiga føresegns i kapittel 9. Omgrepet «tiltakssona» vart først brukt då området vart etablert, og med ein lang historikk har omgrepet vorte innarbeidd både skriftleg og munnleg i samfunnet for å beskrive tidlegare Finnmark-fylke og dei sju kommunane i tidlegare Nord-Troms. Eit slikt omgrep har òg den fordelen at det kan gjere det enklare å skilje desse reglane frå reglar om sletting av gjeld for legar i utvalde kommunar, samt ordninga etter kapittel 11 som gjeld låntakarar som har fullført grunnskule- og lektorutdanning, og som har arbeidd som lærarar i Nordland eller Troms og Finnmark.

Departementet foreslår òg å flytte ordninga for sletting av gjeld for legar i utvalde kommunar inn i ei eiga føresegns i kapittel 9. Endringane i dette avsnittet er rent språklege og inneber verken budsjetteffekt eller endringar i rettar.

Vidareføring av gjeldssletting for lærarar i grunnskulen i tiltakssona

I Prop. 1 S (2022–2023) foreslår Kunnskapsdepartementet å vidareføre retten til sletting av gjeld for lærarar i grunnskulen i tiltakssona etter forskrift om tilbakebetaling av utdanningslån 2022 § 9-7. Ordninga vart vedtatt av Stortinget i samband med revidert budsjett for 2017 med formål om å bidra til å auke delen lærarar med formell kompetanse til å undervise i grunnskule i denne delen av landet. Ordninga var meint som eit mellombels tiltak fram til det første kullet med femårig grunnskule- eller lektorutdanning som kunne få sletta gjeld etter kapittel 11, var klare for å byrje i arbeid hausten 2022. Det har derfor blitt varsla at ordninga skulle bli avvikla i 2022.

Regjeringa er oppteken av å rekruttere og behalde lærarar i tiltakssona. Ordninga med sletting av gjeld for kvalifiserte lærarar i grunnskule tiltakssona skal difor vidareførast utan endringar i vilkåra. Vidareføringa krev ikkje endring i forskrifta.

Departementets forslag

Departementet foreslår å bruke omgrepet «tiltakssona» om tidlegare Finnmark og dei sju utvalde kommunane i tidlegare Nord-Troms, og flytte ordninga for legar i utvalde kommunar til ei eiga føresegns. Sjå kapittel 6 for forslag til endringar i § 9-1 (nye §§ 43 og 44), § 9-3 første ledd bokstav d (ny § 46), § 9-4 bokstav b (ny § 47), § 9-5 første ledd (ny § 48) og § 9-7 første ledd (ny § 50).

Departementet foreslår å presisere at vilkåret om yrkesaktivitet også er oppfylt der arbeidet heilt eller delvis blir utført på heimekontor eller tilsvarande i tiltakssona, men der arbeidsgivar held til utanfor tiltakssona. Sjå kapittel 6 for forslag til nytt andre punktum i § 9-1 første ledd (ny § 43). Departementet foreslår å auke delen gjeld som låntakarar i tiltakssona kan få sletta årleg frå 10 til 20 prosent, og auke det maksimale beløpet ein kan få sletta årleg frå 25 000 kroner til 30 000 kroner. Sjå kapittel 6 for forslag til endringar i § 9-2 (ny § 45).

3 Frist for å søke om sletting av gjeld for låntakarar som har motteke lån og stipend i kvoteordninga

Gjeldande rett

Låntakarar frå utviklingsland, landa på Vest-Balkan, land i Aust-Europa og Sentral-Asia som har fått lån og stipend etter den tidlegare kvoteordninga, og som har reist tilbake til heimlandet for å busette seg varig der, kan få sletta utdanningsgjelda. Lånekassen legg til grunn at låntakaren si flytting til heimlandet er varig når låntakaren har budd minst eitt år i heimlandet. Dersom humanitære grunnar som krig, alvorleg uro eller forfølging hindrar busetjing i heimlandet, kan låntakaren likevel få sletta gjeld dersom låntakaren er busett i eit anna land som har vore omfatta av kvoteordninga.

Dersom låntakaren vender tilbake til Noreg innan ti år etter at gjelda vart sletta, blir vedtaket om sletting oppheva.

Departementet sine vurderingar og forslag

Kvoteordninga ga studentar frå utviklingsland m.m. som var tekne opp i ordninga, rett til lån og stipend til å ta høgare utdanning i Noreg. Ordninga har gradvis blitt avvikla sidan 2016. Frå og med haustsemesteret 2016 har det ikkje blitt tekne opp nye studentar i denne ordninga. Reglane vart flytta frå forskrift om utdanningsstøtte med verknad frå og med studieåret 2022–2023 til forskrift om tilbakebetaling av utdanningslån 2022. Etter forskrift om tilbakebetaling kapittel 12 kan gjelda for låntakarar som har vore omfatta av kvoteordninga, framleis bli sletta. Det er ikkje fastsett eit tidspunkt for kor lenge gjelda for desse låntakarane skal kunne bli sletta.

Hensikta med kvoteordninga var at studentane skulle nytte utdanninga dei hadde fått lån og stipend til i Noreg, i heimlandet. Når det ikkje lenger blir gitt lån og stipend etter kvoteordninga, er det rimeleg at det blir sett ei grense for kor lenge låntakaren kan vente med å busette seg varig i heimlandet og få sletta gjelda. For låntakarane gjer dette ordninga meir føreseieleg og lettare å forhalda seg til, og samstundes blir den enklare for Lånekassen å forvalte.

Departementet foreslår at denne grensa blir sett til 31. desember 2025. For å gi dei aktuelle låntakarane både føreseieleghet og rimeleg tid til å innrette seg, er det viktig at regulering av fristen skjer tidlegast mogleg, og derfor foreslår departementet at reguleringa skal gjelde frå 1. januar 2023, når denne forskrifta trer i kraft. Lånekassen vil samstundes orientere dei aktuelle låntakarane om denne fristen og vilkåra for sletting.

Departementets forslag

Departementet foreslår at ordninga med sletting av gjeld for låntakararar som var omfatta av kvoteordninga, og som har busett seg i heimlandet, gjeld inntil 31. desember 2025. For å ha rett til gjeldsletting skal låntakaren ha reist tilbake til heimlandet og busett seg varig der og Lånekassen skal ha fått søknad om sletting innan 31. desember 2025. Sjå kapittel 6 for forslag til ny § 67.

4 Regeltekniske endringar

4.1 Ei fleirårig forskrift med vilkår som skal gjelde til dei blir oppheva

I dag gjeld forskrifta berre for eitt kalenderår av gangen, i staden for at vilkåra gjeld inntil dei blir endra. Sidan hovudtrekka i ordningane for tilbakebetaling av utdanningslån ligg fast over tid, meiner departementet at forskrifta òg bør gjelde utan avgrensing i tid. Dette vil gjere ordningane meir føreseielege for låntakarane. Satsar og inntektsgrenser vil likevel bli justert årleg i tråd med

regjeringa sitt forslag til statsbudsjett. I tråd med endringane som ble gjort i forskrift om utdanningsstøtte då den ble gjort om til ein fleirårig forskrift i 2020, foreslår departementet å endre nummereringa i paragrafar frå kapittelvis til fortløpende nummerering, samt nokon få språklege endringar.

4.2 Retting av tilvising om unntak for låntakarar som har blitt forseinka

Etter § 11-3 er det unntak frå kravet om fullføring på normert tid for låntakarar som har fullført visse lærarutdanningar. I første ledd bokstav a er det gjort unntak for låntakarar som er blitt forseinka på grunn av funksjonshemmning i studiesituasjonen, og det blir vist til forskrift om tildeling av utdanningsstøtte § 9-3 andre ledd for nærmere omtale av kva dette inneber. Etter siste forskrift om tildeling av utdanningsstøtte frå 2019–2020, står det i § 9-3 andre ledd «Med funksjonshemmning menes at søkeren har nedsatt funksjonsevne, og er funksjonshemmet i studiesituasjonen fordi læringsmiljøet eller studiesituasjonen ved lærestedet ikke er tilpasset søkerens nedsatte funksjonsevne[...]».

Då forskrift om utdanningsstøtte vart fastsett 15. april 2020, vart ikkje tilvisinga i forskrift om tilbakebetaling av utdanningslån retta. Forskrift om utdanningsstøtte har ikkje ei eiga føresegns om kva funksjonshemmning i studiesituasjonen inneber, men er i staden omtalt i fleire føresegner i samband med vilkår for ulike rettar. Definisjonen frå tidlegare forskrift om tildeling av utdanningsstøtte § 9-3 andre ledd av kva det inneber å vere funksjonshemma i studiesituasjonen i denne samanhengen, bør derfor settast inn i § 11-3 første ledd bokstav a.

Sjå kapittel 6 for forslag til endring i § 11-3 første ledd bokstav a (ny § 62).

5 Økonomiske og administrative konsekvensar

Forsлага om å styrke gjeldssletteordninga i tiltakssona i kapittel 2 inneber å regelverksfeste forslag som er omtalt i Prop. 1 S (2022–2023) for Kunnskapsdepartementet, og krev difor løyyingsvedtak i Stortinget. Forsлага inneber at kundar i tiltakssona som oppfyller krava, kan få meir gjeld sletta, og krev difor å auke den årlege bevillinga til ordninga. Forslaget om å godta heimekontor eller tilsvarande blei vedteke av Stortinget under handsaminga av statsbudsjettet for 2022 med implementering frå 2023, og inneber også auka bevilling til ordninga, som er omtalt i Prop. 1 S (2021–2022) for Kunnskapsdepartementet.

Forslaget om å sette frist for kvoteordninga i kapittel 3 heng saman med vedtaket om gradvis å avvikle kvoteordninga frå studieåret 2016–2017 i Prop. 1 S (2015–2016) for Kunnskapsdepartementet, med effekt i budsjetta for dei påfølgande åra. Med ein frist 31. desember 2025, vil forslaget gi ei endeleg innsparing frå 2026 og vil bli omtalt i tilhøyrande budsjett.

Forsлага i kapittel 4 inneber ikkje realitetsendringar og har ingen budsjetteffektar eller administrative konsekvensar.

6 Forslag til forskriftsendringar

Departementet foreslår å gjere følgjande endringar i forskrifter om tilbakebetaling av utdanningslån for 2022 (endringane i kursiv):

Overskrifta til kapittel 9 skal lyde:

Kapittel 9 Sletting av gjeld for låntakarar i tiltakssona og utvalde kommunar i andre fylke

§ 9-1 tittel, første ledd og nytt andre ledd skal lyde, og blir § 43 tittel, første og andre ledd:

§ 43 Vilkår for å få sletta gjeld i tiltakssona

Låntakarar kan få sletta delar av utdanningsgjelda dersom dei har vore busette og yrkesaktive i *tiltakssona* i ein oppteningsperiode på tolv månader. *Som yrkesaktive reknast òg dei som i heile eller deler av arbeidstida arbeider frå heimekontor eller tilsvarende i tiltakssona, og der arbeidsgivars verksemد ligg utanfor tiltakssona.* I særlege tilfelle kan ordninga òg omfatte låntakarar som i ei kort tid har hatt arbeid ein annan stad.

Med tiltakssona meinast Finnmark og kommunane Lyngen, Storfjord, Kåfjord, Skjervøy, Nordreisa, Kvænangen eller Karlsøy i Nord-Troms.

Ny § 44 skal lyde:

§ 44 Vilkår for å få sletta gjeld som yrkesaktiv lege i utvalde kommunar

Låntakarar kan få sletta delar av utdanningsgjelda dersom dei har vore yrkesaktive legar i ein oppteningsperiode på tolv månader i dessa kommunar:

Troms: Gratangen og Ibestad

Nordland: Rødøy, Nesna, Bø, Øksnes, Evenes, Vega, Flakstad, Moskenes og Andøy

Trøndelag: Leka, Rørvik, Høylandet og Lierne

Møre og Romsdal: Aure

Ordninga gjeld òg låntakarar som har vore yrkesaktive legar i dei tidlegare kommunane Torsken og Berg i Troms, Tysfjord i Nordland og Fosnes i Trøndelag.

§ 9-2 første ledd skal lyde, og blir § 45 første ledd:

Gjeld kan slettast med 20 prosent per år rekna av lånesummen ved avslutta utdanning, men ikkje med meir enn 30 000 kr eller mindre enn 2 000 kr per år.

§ 9-3 første ledd skal lyde, og blir § 46 første ledd:

Som yrkesaktiv i oppeningsperioden reknar ein den som gjennom oppeningsperioden

- a. hadde arbeid tilsvarende minst 50 prosent av fulltidsarbeid
- b. hadde fulltidsarbeid i minst seks månader og var registrert som arbeidssökjar til fulltidsarbeid i resten av perioden
- c. hadde omsorg for barn født i 2013 eller seinare eller hadde særleg tyngjande omsorgsplikter i den nærmaste familien
- d. hadde studiepermisjon med lønn eller stipend tilsvarende minst 50 prosent av full stilling, dersom lønna blei betalt av ein arbeidsgivar i *tiltakssona*
- e. var tilsett i transportsektoren, på skip, på oljeleitingsfartøy eller på faste installasjonar på kontinentalsokkelen og samtidig blei rekna som busett etter § 48
- f. hadde arbeid som lege i ein av dei utvalde kommunane nemnde i § 44 tredje ledd

§ 9-4 bokstav b skal lyde, og blir § 47 bokstav b:

hadde omsorg for barn født i 2013 eller seinare eller hadde særleg tyngjande omsorgsplikter i den nærmaste familien, og samtidig var meir enn 50 prosent yrkesaktiv *utanfor tiltakssona*.

§ 9-5 første ledd skal lyde, og blir § 48 første ledd:

Låntakaren blir rekna som busett i *tiltakssona* i oppeningsperioden berre dersom han eller ho gjennom oppeningsperioden hadde både faktisk og folkeregistrert bustad på staden.

§ 9-7 første ledd skal lyde, og blir § 50 første ledd:

Kvalifiserte lærarar i grunnskolen som har vore yrkesaktive i grunnskolen i *tiltakssona*, kan få sletta inntil 20 000 kr ekstra av gjelda i året. Gjeld slettast utan omsyn til bustad.

§ 11-3 første ledd bokstav a skal lyde, og blir § 62 første ledd bokstav a:

at låntakaren har nedsett funksjonsevne, og var funksjonshemma i studiesituasjonen fordi læringsmiljøet eller studiesituasjonen ved lærestaden ikkje var tilpassa låntakarens nedsette funksjonsevne

Ny § 67 skal lyde:

§ 67 Søknadsfrist

Låntakaren kan søke om sletting av gjelda når vilkåra i § 65 er oppfylte. Søknaden skal vere motteken i Lånekassen innan 31. desember 2025.